



Kommunane i Møre og Romsdal

Omsorgsprisen 2014

Fylkesmannen sin omsorgspris knytt til Omsorgsplan 2015 skal tildelast kvart år i perioden 2007 til og med 2014, som er planperioden for Omsorgsplan 2015. Prisen går til ein kommune eller ei kommunal tenesteeining for eit spesielt arbeid eller tiltak som har ført til betre omsorgstenester for brukarane. Tidlegare vinnarar av prisen er kommunane Ulstein, Sula, Ålesund, Molde, Sande, Herøy og Nesset.

Kriteria som er lagt til grunn i vurdering av prisvinnar er følgjande:

Det skal kunne visast til resultat når det gjeld kvalitet. Arbeidet eller tiltaket kan til dømes ha ført til:

- Trygg oppfølging innan omsorga for personar med demens, innan ernæring, legemiddelhandsaming/legemiddelbruk eller legetenester ved hjelp av tverrfagleg samhandling.
- Kontinuitet i tenestene med færre tenesteytarar til den enkelte, på grunn av større stillingar eller betre organisering av tenestene.
- God individuell tilrettelegging for grunnleggande sosiale behov, i samarbeid mellom frivillige, kultur og omsorg i kommunen.
- Auka kompetanse og tilgang på kompetent og kvalifisert helse og omsorgspersonell i tråd med framtidige behov.
- Innovative tiltak innan folkehelse og førebygging i tenestene, inkludert rus/psykisk helse/somatisk sjukdom og rehabilitering
- Forskings- og utviklingsarbeid i samarbeid mellom kommune og spesialisthelseteneste.

Vinnar av omsorgsprisen 2014, vil få prisen overrekt på årets omsorgskonferanse «Framtida – neste stopp», som vert arrangert i Ålesund 25. og 26. september. Tema på konferansen er mellom anna observasjon og dokumentasjon. Gjennomgåande for alle tema er brukarmedverknad - «ingenting om meg – utan meg».

Omsorgsprisen 2014 er eit trykk av Gunn N. Morstøl og gåvesjekk på kr.10 000. I år vil i tillegg to personar frå vinnarkommunen få vere med på studietur 13.10 -15.10.2014 til demenslandsbyen i De Hogeweyk, nær Amsterdam.

Alle kan sende inn forslag til Omsorgsprisen 2014, om du er tilsett, pasient, pårørende, eller på anna vis har kjennskap til gode tiltak i kommunen. Det er viktig at dei gode eksempla frå kommunane i Møre og Romsdal blir lyfta frem.

Sjå meir informasjon på Fylkesmannens heimeside www.fmmr.no
Forslag med grunngjeving må sendast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Helse- og sosialavdelinga, Fylkeshuset, 6404 Molde, eller på e-post til postmottak@fmmr.no
Frist for innsending er 15. august 2014.

Med helsing

Marit Hovde Syltebø
Ass.direktør

Greta Irene Hanset
seniorrådgivar